

Alpinkomiteen@

Sakshand.: AH/ YT

Dato: 15.11.2017

Arkivk.: ak/møter/protokoll/17-19

PROTOKOLL MØTE NR. 02 I ALPINKOMITEEN, 2017-2019

Stad: Skei, Thon Jølster Hotell
Tidspunkt: Onsdag 15. november 2017, kl. 18.00-20.45

Sakliste

REFERATSAKER

SAK 05 17-19 Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 06 17-19 Godkjenning av protokoll frå møte nr. 01 15-17 i AK
SAK 07 17-19 Referat frå Haustmøtet 11. november 2017
SAK 08 17-19 Protokoll frå møte nr. 01 17-19 i Skikrinsstyret

RAPPORTERING

SAK 09 17-19 Rekneskapsrapport pr. 31.10.2017

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 10 17-19 Terminliste 2017-2018
SAK 11 17-19 Kvalik, reglement til Hovudlandsrenn og Telenorleikane
SAK 12 17-19 Oppfølging av arbeidet med kvalifiseringstabellar
SAK 13 17-19 Treningsopplegg vinteren 2018
SAK 14 17-19 Arbeidsavtalar for krinstrenarar
SAK 15 17-19 Handlingsplan 2017-2019
SAK 16 17-19 Hovudlandsrennet 2018
SAK 17 17-19 Telenorleikane 2018

ORIENTERINGSSAKER

EVENTUELT

SAK 18 17-19 Orientering om markedsarbeidet til komiteen

TIL STADES: Atle Hamar, Per Asbjørn Felde, Magne Hofslundsengen, Hege Venes, Trude Dalseth Lødøen og Yngve Thorsen (adm.)

FORFALL:

MERKNADER:

REFERENT: Yngve Thorsen

REFERATSAKER

SAK 05 17-19

Godkjenning av innkalling og sakliste Bakgrunn

Innkalling og sakliste m/ vedlegg er utsendt på førehand.

VEDTAK

Alpinkomiteen godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 06 17-19

Godkjenning av protokoll frå møte nr. 01 15-17 i AK Bakgrunn

Protokoll nr. 01 17-19 frå møte i alpinkomiteen er vedlagt.
Denne er godkjent elektronisk tidlegare.

VEDTAK

Alpinkomiteen godkjenner protokoll nr. 01 17-19.

SAK 07 17-19

Referat frå Haustmøtet 11. november 2017

Bakgrunn

Referat frå Haustmøtet vart presentert i møtet.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek referatet til orientering.

SAK 08 17-19

Protokoll frå møte nr. 01 17-19 i Skikrinsstyret

Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 01 17-19 i Skikrinsstyret er vedlagt.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek protokoll nr. 01 17-19 frå Skikrinsstyret til orientering.

RAPPORTERING

SAK 09 17-19

Rekneskapsrapport pr. 31.10.2017

Bakgrunn

Rekneskapsrapport pr. 31.10.2017 er vedlagt.
Rapporten vart presentert av adm. i møtet.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek rapporten til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER

SAK 10 17-19

Terminliste 2017-2018

Bakgrunn

Terminliste 2017-2018 er vedlagt.

I høve innspel frå Haustmøtet 11. november 2017 skal alpinkomiteen vurdere ev. endringar.

I samband med Haustmøtet vart m.a. følgjande drøfta:

- «Fartshelg» i Sogn og Fjordane

- Kvar er renntilbodet til yngre utøvarar tidleg i sesongen?
- Er det riktig å ikkje ha eit renntilbod lokalt når det er ECO i Hemsedal (19.-21. januar 2018)?

Terminliste 2017-2018 (d.s. 03.11.2017) er vedlagt.

VEDTAK

Alpinkomiteen vedtek terminlista slik den føreligg, med følgjande endringar:

- 1) SPV AlpinCup Haugen IL, 20.-21. januar 2018
- 2) Fartshelg/ KM i SG/SC vert gjennomført 10.-11. mars 2018.

Arrangør er ikkje endeleg avklara, men aktuelle arrangørar er Jølster IL og Haugen IL.

- 3) Grotlirenna vert flytta til 14.-15. april 2018 (etter ynskje frå arrangør)

SAK 11 17-19

Kvalik. reglement til Hovudlandsrenn og Telenorleikane

Bakgrunn

Gjeldande kvalik. reglement til Hovudlandsrenn og Telenorleikane vart lagt fram og drøfta i samband med Haustmøtet 11. november 2017.

I tråd med terminlista, tal kvalik. renn kommande sesong samt innspel frå Haustmøtet skal alpinkomiteen revidere gjeldande reglement.

Gjeldande kvalik. reglement er vedlagt.

VEDTAK

Alpinkomiten gjer vedtak om følgjande kvalik. reglement:

Tal kvalifiseringsrenn: 3 SL, 3 SSL, 2 SG.

Dei 4 beste omgangane i SL, 4 beste omgangane i SSL og den beste omgangen i SG er teljande i puljeplasseringa til HL/LC.

Poengfordeling: 1.pl = 12p, 2.pl = 10p, 3.pl = 8p, 4.pl = 6p, 5.pl = 5p, 6.pl = 4p, 7.pl = 3p, 8.pl = 2p, 9.pl = 1p. Samanlagt poengsum avgjer endeleg puljeplassering. Det blir rangering i SL og SSL mellom dei påmelde utøvarane.

Best kvalifiserte i SL og SSL har fyrsteretten til puljeval i HL/LC.

Best kvalifiserte i SG har fyrsteretten til puljeval i treningsomgangane i UF i HL.

Beste løpar i siste treningsomgang i HL har fyrsteretten til puljeval i UF-rennet.

AK kan bruke skjønn i evalueringa/rangeringa og uttak av løparar m.o.t. skade/sjukdom, tidsdifferansar, eller at talet på kvalifiseringsrenn ikkje blir mange nok pga. deltaking i nasjonale-og/eller internasjonalearrangement.

Ved behov kan alpinksomiteen bruke ev. krinslagstrenarar i aktuelle skjønnsmessige vurderingar.

SAK 12 17-19

Oppfølging av arbeidet med kvalifiseringstabellar

Bakgrunn

Jamfør Sogn og Fjordane Skikrins sitt kvalik. reglement for puljeplassering av løparar til Hovudlandsrennet og Telenorleikane i 2018, skal to av komiteen sine medlemmer syte for utrekning og ajourføring av kvalifiseringstabell.

VEDTAK

Alpinksomiteen gjer vedtak om at Hege Venes og Per Asbjørn Felde har ansvar for utrekning og ajourføring av kvalifiseringstabellar i 2018.

SAK 13 17-19

Treningsopplegg vinteren 2018

Bakgrunn

I samarbeid med Anders Neteland planlegg alpinksomiteen eit nytt treningsopplegg vinteren 2018.

Overordna målsetjingar;

- gje løparar frå Sogn og Fjordane best moglege føresetnader for å lykkast som alpinistar på lang sikt
- fleire aktive løparar og fleire løparar som tek steget vidare til skigymnas
- større utbyte frå åra som alpinist i fylket, uavhengig av karriereslutt

Målsetjingar;

- forbetre tilbodet for breidde og satsing
- redusere kostnader
- arbeide for sterkare lokal tilknytning

Korleis nå måla?

- skape kontinuitet gjennom sesongen for kvar enkelt løpar
- skape større miljø og meir homogene treningsgrupper
- heve kompetanse til løparar, trenarar og foreldre
- bygge ein sunn idrettskultur i alpinmiljøet
- sterkare lokal tilnytning med betre føresetnader for rekruttering

Krets legg til rette for følgjande for aldersgruppene U12 – U16;

- samlingar og arrangement
- ca 1 kveldstrening i veka på ski
- oppfølging av løparar/ foreldre heile året

Alpingruppene legg til rette for følgjande;

- kveldstreningar på ski og barmark U12 – U16
- all trening for U10 og yngre
- rekruttering

Struktur og ansvarområde;

- Alpinkomiteen; overordna sportsleg ansvar
- Skikrins v/ adm.; informasjon, påmelding, økonomi
- Hovudtrenar; sportsleg planlegging, koordinering, gjennomføring og oppfølging
- Trenarar for ulike grupper; ansvar for respektive løparar

Føresetnader for å lukkast;

- tillit og lojalitet til modellen
- samarbeid mellom krets-klubb og klubb-klubb
- trenarstyrt

VEDTAK

Med bakgrunn i presentasjon og drøftingar i samband med Haustmøtet 11. november 2017, samt sportslege og økonomiske drøftingar vedtek alpinkomiteen rammene for treningsopplegget 2018.

SAK 14 17-19

Arbeidsavtalar for krinstrenarar

Bakgrunn

Med bakgrunn i vedtak i Sak 15 17-19 skal det utarbeidast arbeidsavtalar for alle krinstrenarar knytt til Sogn og Fjordane Skikrins, alpinkomiteen.

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om at aktuelle krinstrenarar får tilbod om oppdragsbaserte arbeidsavtalar i 2018.

Økonomisk nivå i arbeidsavtalane skal vere innanfor dei økonomiske budsjetttrammene til komiteen i 2018.

Ein legg vidare opp til at det skal vere eit differensiert lønsnivå i avtalane basert på dei ulike trenarane sin kompetanse, trenarerfaring etc. I tillegg vil hovudtrenar få ekstra godtgjersle for arbeidet knytt til organisering og planlegging.

Adm. sjef følgjer opp saka saman med leiar i komiteen.

SAK 15 17-19

Handlingsplan 2017-2019

Bakgrunn

Sogn og Fjordane Skikrins sin handlingsplan 2017-2019 vart vedteken i samband med Skikrinstinget 2017.

I møtet handsama komiteen handlingsplanen, drøfta alpinkomiteen sine tiltak, samt avklara vidare ansvarsfordeling.

Planen finn ein vedlagt.

VEDTAK

Alpinkomiteen tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om å følgje opp handlingsplanen i høve til drøfta arbeidsfordeling og tidsfristar.



SAK 16 17-19

Hovudlandsrennet 2018

Bakgrunn

Hovudlandsrennet i alpint vert avvikla i Hemsedal 10.-15. april 2018. Komiteen oppnemner hovudleiar for Sogn og Fjordane Skikrins.

VEDTAK

Komiteen oppnemner Anders Neteland som hovudleiar for PreCampen samt dei tekniske disiplinane, medan Even Hole vert oppnemnt som hovudleiar for fartsdelen.

SAK 17 17-19

Telenorleikane 2018

Bakgrunn

Telenorleikane i alpint vert avvikla på Oppdal i perioden 05.-08. april 2018. Komiteen oppnemner hovudleiar for PreCampen og meisterskapen.

VEDTAK

Komiteen oppnemner Mats Engeland som hovudleiar for PreCampen og Telenorleikane 2018

ORIENTERINGSSAKER

EVENTUELT

SAK 18 17-19

Orientering om markedsarbeidet til komiteen

Bakgrunn

Leiar i komiteen orienterte om status i markedsarbeidet til komiteen i høve til følgjande sponsorat:

- COOP Vest SA
- Frydenbø Bilsenter AS
- Fjord1
- Sparebanken Vest

VEDTAK

Komiteen tek saka til orientering.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Atle Hamar (s)
Leiar AK

Yngve Thorsen (s)
Adm. sjef

Vedlegg SAK 06 17-19 Godkjenning av protokoll frå møte nr. 01 15-17 i AK

Alpinkomiteen@

Sakshand.: AH/ YT

Dato: 30.06.2017

Arkivk.: ak/møter/protokoll/17-19

PROTOKOLL MØTE NR. 01 I ALPINKOMITEEN, 2017-2019

Stad: Vassenden, Kjelsnes
Tidspunkt: Tysdag 27. juni 2017, kl. 17.00-21.00

Sakliste

STRATEGIMØTE

SAK 01 17-19 **Konstituering av Alpinkomiteen 2017-2019**
SAK 02 17-19 **Korleis auke rekrutteringa til alpinsporten og styrke klubbmiljøa Sogn og Fjordane?**
SAK 03 17-19 **Rammer for sportsleg opplegg vinteren 2018**

EVENTUELT

SAK 04 17-19 **Diverse oppgaver/ arbeidsområder for oppfølging**

TIL STADES: Atle Hamar, Per Asbjørn Felde, Magne Hofslundsengen, Hege Venes, Trude Dalseth Lødøen og Yngve Thorsen (adm.)

FORFALL:

MERKNADER:

REFERENT: Yngve Thorsen

STRATEGIMØTE

SAK 01 17-19 **Konstituering av Alpinkomiteen 2017-2019**
Bakgrunn
Arbeidsfordeling og val til følgjande funksjonar:

- Nestleiar
- Medlem til anleggskomiteen
- Medlem til utdanning- og utviklingskomiteen
- Medlem til økonomi- og sponsorutvalet
- Sportsleg ansvarleg
- Terminliste ansvarleg
- Rekrutterings ansvarleg
- etc

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer følgjande vedtak i saka:

- Nestleiar: Per Asbjørn Felde
- Medlem til anleggskomiteen: Magne Hofslundsengen
- Medlem til utdannings- og utviklingskomiteen: Hege Venes
- Medlem til økonomi- og sponsorutvalet: Atle Hamar

Komiteen gjer vidare vedtak om følgjande arbeidsdeling:

- Per Asbjørn Felde: Sportsleg ansvar, terminliste og kvalik. tabellar
- Magne Hofslundsengen: Sportsleg ansvar (oppf. av trenarar m.m.)
- Hege Venes: Utdanning; trenarkurs, TD-kurs, TD-liste og kvalik. tabellar
- Trude Dalseth Lødøen: Rekrutteringsprosjekt, oppfølging klubb
- Atle Hamar: Økonomi- og sponsoransvarleg

SAK 02 17-19

Korleis auke rekrutteringa til alpinsporten og styrke klubbmiljøa Sogn og Fjordane?

Bakgrunn

Rekrutteringa til alpinsporten i Sogn og Fjordane har hatt ein negativ trend dei siste åra. Årsaka til nedgangen er samansett, men det er lite tvil om at variable snøtilhøve i delar av fylket betyr mykje for det generelle rekrutteringsarbeidet til skisporten generelt, og alpinsporten spesielt.

Ein ser vidare eit tydeleg behov for å styrke klubarbeidet i fleire delar av fylket.

VEDTAK

Med bakgrunn i drøftingar gjer alpinkomiteen følgjande vedtak i saka.

Alpinkomiteen i Sogn og Fjordane Skikrins etablerar eit «Rekrutteringsprosjekt» som m.a. skal innehalde desse rammene:

- 1) Alpinkomiteen set av kr. 50 000,- i budsjettet for 2017/ 2018 som alpingruppene kan søkje på.
- 2) Alpingruppene kan få inn til kr. 10 000,- i støtte til div. klubbaktivitetar, og forpliktar seg til å m.a. gjennomføre følgjande tiltak:
 - a) Alpingruppa skal gjennomføre min. 1 lågterskel «foreldrekurs»
 - b) Alpingruppa skal gjennomføre Telenor Karusellen etter Norges Skiforbund sin nye mal for konseptet
 - c) Alpingruppa skal saman med det lokale skisenteret vere med å legge til rette for Fjord1 Attacking Vikings. Dette tiltaket vil ikkje vere eit tilbod til alle alpingruppene, men vert gjennomført

sonevis i samarbeid med Norges Skiforbund v/ Jo Mork.

- d) Alpingruppa skal utvikle eit årshjul for klubbaktiviteten
- e) Alpingruppa skal etablere ei «knøttegruppe»
- f) Alpingruppa skal arbeide for at flest mogleg av gruppa sine medlemmer deltek på alpinkingomiteen si breiddesamling på Geilo/ Ål i november 2017

Prosjektet skal publiserast innan utgangen av august 2017.

Ansvarleg for utarbeiding og oppfølging av prosjektet er Trude Dalseth (AK) og Yngve Thorsen (adm.).

Vidare skal komiteen hausten 2017 gjennomføre klubbutviklingsprosessar i Hafslø IL, Haugen IL og Stryn T&IL.

SAK 03 17-19

Rammer for sportsleg opplegg vinteren 2018

Bakgrunn

Med bakgrunn i tidlegare drøftingar i komiteen har Per Asbjørn Felde og Magne Hofslundsengen så langt arbeida fram følgjande forslag:

- Krinstrenar Even Hole skal nyttast som trenar/ tilretteleggar på sonevise samlingar for aldersgruppene U10/ U12 vinteren 2018
- Anders Neteland skal nyttast som trenar/ tilretteleggar på helgebaserete samlingar for aldersgruppa U14/ U16 vinteren 2018.

Skisserte innsatsområde mellom Even Hole og Anders Neteland er eit utgangspunkt, og vil vere avhengig av vidare drøftingar med trenarane.

VEDTAK

Alpinkomiteen gjer vedtak om at Per Asbjørn Felde og Magne Hofslundsengen arbeider vidare med forslaget, og at tiltaka evt. vert innarbeida i terminlista for kommande sesong.

EVENTUELT SAK 04 17-19

Diverse oppgåver/ arbeidsområder for oppfølging

Bakgrunn

- 1) Fjord1 samling Hintertux, veke 41
- 2) Terminliste 2017-2018
- 3) Kvalik. reglement til Hovudlandsrenn og Telenorleikane 2018
- 4) Barmarksamlingar, Møre og Romsdal Skikrets

VEDTAK

1) Fjord1 samling Hintertux, veke 41

Det er pr. 27.06.2017 kun fem (5) påmelde til Fjord1 samlinga i Hintertux i veke 41. Atle Hamar, Magne Hofslundsengen og Per Asbjørn Felde følgjer opp aktuelle utøvarar som p.t. ikkje har meldt seg på.



.....
SOGN OG FJORDANE
SKIKRETS
.....

2) Terminliste 2017-2018

Basert på drøftingar gjer Per Asbjørn Felde aktuelle endringar i terminlista før den vert sendt til høyring i laga.

3) Kvalik. reglement til Hovudlandsrenn og Telenorleikane 2018

I kvalik. reglementet gjer ein på bakgrunn av drøftingar følgjande revideringar:

- a. Tre (3) kvalik. renn i slalåm (to omgangar skal strykast)
- b. Tre (3) kvalik. renn i storslalåm (to omgangar skal strykast)
- c. To (2) kvalik. renn i Super G (enn omgang skal strykast)
- d. Revidert kvalik. reglement skal leggest fram for Haustmøtet for endeleg godkjenning.

4) Barmarksamlingar, Møre og Romsdal Skikrets

Det er aktuelt å invitere Møre og Romsdal Skikrets til ei eller fleire av alpinkomiteen sine barmarkssamlingar i haust. Adm. avklarar dette med kringstrenar Even Hole.

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrets

Atle Hamar (s)
Leiar AK

Yngve Thorsen (s)
Adm. sjef

Vedlegg SAK 08 17-19 Protokoll frå møte nr. 01 17-19 i Skikrinsstyret

Skikrinsstyret@

Sakshand.: YT/FÅ

Dato: 01.10.2017

Arkivk.: styret/møter/protokoll/17-19

PROTOKOLL MØTE NR. 01 I SKIKRINSSTYRET, 2017-2019

Stad Årdal i Jølster

Tidspunkt: Frammøte, fredag 29. september 2017, kl. 18.00
Avslutning, laurdag 30. september 2017, kl. 12.30

RAMMEPROGRAM, FREDAG 29. SEPTEMBER 2017

Program	Tidspunkt	Saker	Andre opplysningar
Frammøte	Kl. 18.00		
Møte i Skikrinsstyret	Kl. 18.30-20.30	Sak 01-07 17-19	
Middag	Kl. 21.00		

RAMMEPROGRAM, LAURDAG 30. SEPTEMBER 2017

Program	Tidspunkt	Saker	Andre opplysningar
Frukost	Kl. 08.00		
Møte i Skikrinsstyret	Kl. 09.00-12.00	Sak 08-17 17-19	
Lunsj	Kl. 12.00		
Heimreise	Kl. 12.30 – 13.00		

Sakliste; sjå neste side.

REFERATSAKER

SAK 01 17-19	Godkjenning av innkalling og sakliste
SAK 02 17-19	SFSK Protokoll frå Skikrinstinget 2017
SAK 03 17-19	SFSK HKK protokoll nr. 01 17-19
SAK 04 17-19	SFSK AK protokoll nr. 01 17-19
SAK 05 17-19	SFSK LK protokoll nr. 01 17-19

RAPPORTERING

SAK 06 17-19	Rekneskapsrapport pr. 15.09.2017
SAK 07 17-19	Samordna søknad og rapportering 2016

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 08 17-19	Rammer for arbeidet i Skikrinsstyret
SAK 09 17-19	Veiledarutdanning Norges Skiforbund
SAK 10 17-19	SUM; SFSK Handlingsplan 2017-2019
SAK 11 17-19	Haustmøtet 2017
SAK 12 17-19	Markedsarbeidet i Sogn og Fjordane Skikrins
SAK 13 17-19	Ski i Skulen 2018
SAK 14 17-19	Økonomiske rammer for telemark-/ randoneekomiteen
SAK 15 17-19	Møteplan Skikrinsstyret

ORIENTERINGSSAKER

SAK 16 17-19	Beredskapsplan 2017-2019
SAK 17 17-19	NSF Haustmøtet 2017

EVENTUELT

TIL STADES: Finn Årdal, Hallvard Nygård, Tonje Norheim Tangerud, Atle Hamar, Henning Sæthre, Sjur Håvard Øygard og Yngve Thorsen (adm.)

FORFALL: Margot Åsebø og Oddmund Lefdal

MERKNADER:

REFERENT: Yngve Thorsen

REFERATSAKER

SAK 01 17-19

Godkjenning av innkalling og sakliste Bakgrunn

Innkalling og sakliste er sendt ut på førehand.

VEDTAK

Skikrinsstyret godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 02 17-19

SFSK Protokoll frå Skikrinstinget 2017 Bakgrunn

Protokoll frå Skikrinstinget 2017 er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen frå Skikrinstinget til orientering.

SAK 03 17-19

SFSK HKK protokoll nr. 01 17-19 Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 01 17-19 i hopp- og kombinertkomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

SAK 04 17-19

SFSK AK protokoll nr. 01 17-19 Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 01 17-19 i alpinksomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

SAK 05 17-19

SFSK LK protokoll nr. 01 17-19 Bakgrunn

Protokoll frå møte nr. 01 17-19 i langrennskomiteen er vedlagt.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek protokollen til orientering.

RAPPORTERING

SAK 06 17-19

Rekneskapsrapport pr. 15.09.2017 Bakgrunn

Rekneskap pr. 15.09.2017 er vedlagt.

Adm. la fram rapporten i møtet.

Nøkkeltal pr. 15.09.2017:

SFSK Driftsinnt. totalt	SFSK Driftskost. totalt	SFSK Resultat	SFSK Årsbudsjett
Kr 2 616 830,-	Kr 2 127 042,-	Kr 489 788,-	Kr 0,00
AU Driftsinnt. totalt	AU Driftskost. totalt	AU Resultat	AU Årsbudsjett
Kr 524 101,-	Kr 507 188,-	Kr 16 913,-	Kr 0,00
AK Driftsinnt. totalt	AK Driftskost. totalt	AK Resultat	AK Årsbudsjett
Kr 984 601,-	Kr 711 816,-	Kr 272 784,-	Kr 0,00
HKK Driftsinnt. totalt	HKK Driftskost. totalt	HKK Resultat	HKK Årsbudsjett
Kr 54 000,-	Kr 27 919,-	Kr 26 081,-	Kr 0,00
LK Driftsinnt. totalt	LK Driftskost. totalt	LK Resultat pr.	LK Årsbudsjett
Kr 1 054 127,-	Kr 880 117,-	Kr 174 010,-	Kr 0,00

VEDTAK

Skikrinsstyret tek rapporten til orientering.

SAK 07 17-19

Samordna søknad og rapportering 2016

Bakgrunn

Samordna søknad og rapportering (tidl. Idrettsregistreringa) gjennomførast i perioden 01.-30. april ved at idrettslaga rapporterar nøkkelinformasjon til NIF.

Tala frå idrettsregistreringa danner grunnlag for ulike økonomiske støtteordningar (lokale aktivitetsmidlar, utstyrsmidlar, kommunale mildar etc.)

Tala dannar vidare grunnlag for statistikkar om og for idretten.

Av medlemmar i idrettslaget skal følgjande registrerast som aktive i særgruppene/ grein:

- Alle utøvarar, både dei som er aktive innan konkurransar og alle dei som deltek på aktivitetar innan trening, trimaktivitetar, turrenn, karusellrenn etc. som er i regi av idrettslaget eller annan skiaktivitet i regi av idretten.
- Alle som har eit verv eller oppgåve i idrettslaget; t.d. styreverv, komitear og andre valte eller oppnevnte oppgåver – trenarar, oppmenn og andre faste oppgåver som utførast over ein tidsperiode – andre faste oppgåver innan t.d. arrangement; tidtakarar, stadion, løype, kafè, sekretariat, osv.

Det er elles svært viktig at skikrinsen følgjer opp registreringa av aktive medl. i skigruppene, sidan ordninga er avgjerande m.o.t. tilskotsordningane frå Norges Skiforbund.

I 2016 vart det innført ei ny ordning med elektronisk medlemsregistrering. Dvs. at alle idrettslag må registrere sine medlemmar i eit godkjent elektronisk medlemsregister. Dette er eit krav som følgje av medlemskapet i NIF.

Sogn og Fjordane Skikrins – Idrettsregistreringa 2006-2016

Fig. 1) Utvikling aktivitetstal Sogn og Fjordane Skikrins 2006-2016



Fig. 2) Idrettsregistreringa 2016 Sogn og Fjordane Skikrins, fordeling av medlemsmassen.




Fig. 3) Utvikling aktivitetstal Sogn og Fjordane Skikrins aldersgruppa 6-12 år, 2006-2016




Fig. 4) Utvikling aktivitetstal Sogn og Fjordane Skikrins aldersgruppa 13-19 år, 2006-2016





Fig. 5) Utvikling aktivitetstal Sogn og Fjordane Skikrins, aldersgruppa 6-12 år samanlikna med aldersgruppa 13-19 år



VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

DISKUSJON- OG VEDTAKSAKER

SAK 08 17-19

Rammer for arbeidet i Skikrinsstyret

Bakgrunn

Skikrinsstyret drøfta rammene for styrearbeidet på følgjande område:

- Konfidensialitet er i utgangspunktet knytt til personalsaker
- Ein skal praktisere openheit i alle saker
- Ein skal legge til rette ei for ei tydeleg arbeidsdeling i organisasjonen
- Ein skal praktisere stor «takhøgde» i samband med enkeltsaker o.a.
- Protokollføring
- Om ikkje leiar i greinkomiteane kan møte i samband med møter i Skikrinsstyret eller sentrale møter, så møter nestleiar eller andre i komiteen
- Det skal utarbeidast gode møteplanar/ «årshjul»
- Ein skal legge til rette for telefonmøter i tillegg til ordinære møter.
- Det skal gjennomførtast felles styre- og komitè møte ein gang pr. år (april/ mai)

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 09 17-19

Veiledarutdanning Norges Skiforbund

Bakgrunn

Norges Skiforbund arrangerar 13.-15. oktober ei opplæringssamling for engasjerte personar som ynskjer å bli ein del av skiidretten sitt klubbveiledarkorps. Samlinga vil gå parallelt med Skiforbundet sitt Haustmøte/ Anleggs- og arrangørseminar.

I 2016 vart Skiforbundet sin Utviklingsmodell (SUM) vedtatt på Skitinget i Trondheim. På bakgrunn av dette skal Norges Skiforbund utdanne eit eige veiledarkorps som skal jobbe med klubb utvikling i vid forstand, og supplere det gode tilbudet som NIF og idrettskretsane allereie tilbyr. Klubb utvikling vil omhandle innsatsområda aktivitet, anlegg, arrangement, kompetanse og organisasjon.

Til forskjell frå kurslærarrolla vil ein her jobbe som prosessleiar, der ein m.a. vil halde temakvelder, køyre work-shops og leie prosessar for å utvikle handlingsplanar i skigruppene.

Ein må rekne med å stille opp på ettermiddagar og nokon helgar, samt vere fleksibel til å ta oppdrag på kort sikt.

Alle veiledarar får honorar etter NIF og NSF sine satsar for veiledarar

VEDTAK

Skikrinsstyret gjer vedtak om at ein skal samhandle/ samarbeide med Sogn og Fjordane idrettskrins vedr. veiledarutdanning og oppfølging av arbeidet med klubb utvikling.

SAK 10 17-19

SUM; SFSK Handlingsplan 2017-2019

Bakgrunn

Viser til Sogn og Fjordane Skikrins sin Handlingsplan 2017-2019, og vedtak av planen i samband med Skikrinstinget 2017.

I samband med Ski-tinget i Trondheim i 2016 la skiforbundet til grunn ein ny utviklingsmodell ved inngangen til planperioden 2016-2020.

Utviklingsmodellen dannar grunnlag for alle hovudmål og delmål i planperioden, og den dekker alle innsatsområde.

Utøveren i sentrum

Utvikling av skiutøveren skal gjerast i eit langsiktig utviklingsperspektiv. Difor er det utøveren som er i sentrum for ski-idretten sine målsetjingar, gitt i Skipolitisk dokument for perioden 2016-2020.

For at ein utøvar skal kunne utvikle seg er det behov for trenarar, arrangement, og anlegg som er lagt til rette på ein slik måte at utvikling skjer gjennom eit langt idrettsliv.

Til saman utgjer elementa nærast utøveren kjerneverksemda for all verksemd, frå skiklubb/ skigruppe, via skikrets og til skiforbundet.

Flest mogleg, lengst mogleg, best mogleg


Menneska utviklar seg i ulik takt, uavhengig av alder og dugleiksnivå. Ski-idretten sine framtidige mål er difor lagt til rette for idrettsleg utvikling, basert på utviklingsalder framfor kronologisk alder. Med rett

utvikling, til riktig tid, vil resultatene komme. Samstundes vil ski-idretten være et viktig bidrag i et folkehelseperspektiv.

Klubbene i Norges Skiforbund har gjennom klubbundersøkinga gjennomført hausten 2015 gitt et godt bilete av ski-idretten sine utfordringar, og har gitt Skiforbundet ein retning for kva som er viktig for aktiviteten framover.


Å behalde skiutøvaren gjennom heile barne- og ungdomsperioden er ei uttalt målsetjing. Dette må gjerast gjennom tilrettelegging av aktiviteten, også på ein måte som ikkje skal vere økonomisk belastande.

Gjennom ein utviklingsbasert modell, skiforbundet sin utviklingsmodell, skal det utviklast nye aktivitetstilbod som ivaretek medlemmane si moglegheit til å drive breidde- og toppidrett, på tvers av greiner og andre idrettar.



Øvrige rammevilkår for ski-idretten si verksemd er utdanning og utvikling, informasjon og kommunikasjon, økonomiske rammevilkår, internasjonalt arbeid og samhandling på tvers i organisasjonen og mellom organisasjonar. Saman med kjerneverksemda utgjer dette innsatsområda for ski-idretten dei kommande fire åra.

Utviklingsmodellen



Skiforbundet sin utviklingsmodell (SUM) skal vere ski-idretten sin raude tråd i denne planperioden. Den gjev føringar for korleis framtidens organisasjon, utøvarar, trenarar, leiarar, anlegg og arrangement skal vere.

Målet er at ski-idretten skal legge til rette for flest mogleg, lengst mogleg og best mogleg. I dette ligg aktivitet både for funksjonsfriske, funksjonshemma, integrering av medlemmer som ikkje har eit tradisjonelt forhold til snø og ski, og integrering av medlemmer frå alle samfunnslag. Ski-idretten skal vere inkluderande med omsyn til nivå, alder, kjønn, sosial- og kulturell bakgrunn, funksjonsevne, seksuell orientering og økonomisk evne.

Ulike nivå i modellen

Aktiv start

- første møte med organisert idrett
- grunnleggande rørsler med og utan ski
- situasjon- og oppgåvestyrt aktivitet med lite instruksjon
- skiskular, idrettsskular, allidrett, basisaktivitet og leikaktivitetar på ski basert på meistring
- karusellrenn kan vere rekruttering til aktivitet
- nærmiljøanlegg, lokale skianlegg, lokale snøsoner

FUNdament

- mykje variert og allsidig fysisk aktivitet
- innlæring av grunnleggande rørsler med og utan ski
- situasjon- og oppgåvestyrt aktivitet med lite instruksjon

- skiskular, idrettsskular, allidrett, basisaktivitet og leikaktivitetar på ski basert på meistring
- deltaking i karusellrenn som motivasjon
- nærmiljøanlegg, lokale skianlegg, lokale snøsoner

Lær å trene

- trening på grunnleggande ferdigheiter med og utan ski
- mykje variert aktivitet, gjerne i fleire idrettar
- trening med fokus på meistring og utvikling
- større fokus på trening framfor deltaking i konkurransar
- trening på sosiale ferdigheiter gjennom deltaking i idretten
- klubbtrening, og trening i samarbeid med andre særiddrettar eller andre skiklubbar
- klubb-, sone-, og krinsrenn
- nærmiljøanlegg, lokale skianlegg, lokale snøsoner

Trene for å trene

- meir fokus på greinsespesifikk trening, med variert aktivitet og gjerne gjennom fleire idrettar
- bygge treningskultur, sosiale miljø, og i tillegg drive aktivitet for dei som berre ynskjer å trene
- individuell treningsoppfølging i høve til utviklingsalder
- fortsatt mest vekt på trening vs. konkurranse, men auke av tal konkurransar
- trenarar på høgt nivå

Trene for å konkurrere

- heilskapleg utvikling av toppidrettsutøvarar
- fokus på læring og utvikling gjennom konkurransar
- mykje spesialisert trening
- FIS-renn, NM, jr. VM, U23, YOG, EYOF
- homologerte konkurranseanlegg
- trenarar på høgt nivå

Trene for å vinne

- utøvarar på høgt sportleg nivå
- utviklingsorienterte utøvarar
- OL, VM og verdenscup
- nasjonalanlegg og homologerte konkurranseanlegg
- trenarar på høgt nivå

Konkurrere på ski livet ut

- ungdom som ikkje ynskjer å konkurrere på høgt nivå skal få eit konkurransetilbod
- aktivitet gjennom trening i skigruppa/ skiklubben
- konkurransetilbod gjennom turrenn, master og fjelltelemarkrenn

Aktiv livet ut

- aktivitet gjennom breidde- og mosjonsidrett i skigruppa/ skiklubben
- fokus på trening i eit helseperspektiv
- utvikling av nye ferdigheiter gjennom deltaking på teknikkurs i regi av skigruppa/ skiklubben

Sogn og Fjordane Skikrins ein handlingsplan for perioden 2017-2019 er vedlagt.

I samband med møtet skal komiteen handsame handlingsplanen, drøfte skikrinsen sine tiltak, samt avklare vidare ansvarsfordeling.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek prosessen og drøftingane til orientering, og gjer vidare vedtak om å følgje opp intensjon, mål og tiltak i høve til førebels arbeidsfordeling og fristar.

SAK 11 17-19

Haustmøtet 2017

Bakgrunn

Haustmøtet til Sogn og Fjordane Skikrins vert gjennomført laurdag 11. november i Sogndal v/ Fosshaugane Campus.

Denne gangen vert Haustmøtet gjennomført parallelt med nyvinninga Idrettens Møteplass, og er såleis eit samarbeidstiltak med Sogn og Fjordane idrettskrins.

I samband med Haustmøtet/ Idrettens Møteplass legg ein opp til følgjande rammeprogram:

Kl. 09.30-10.00	Registrering, kaffi
Kl. 10.00	Foredrag med Johan Kaggestad
Kl. 12.00	Lunsj
Kl. 13.00-16.00	Haustmøtet Sogn og Fjordane Skikrins

- alpint
- langrenn
- hopp og kombinert
- telemark/ randonee

NB! Saklister til Haustmøtet vert publisert innan utgangen av oktober.

Det er i tillegg invitert til Basissamling for utøvarar 12-16 år med Even Hole som hovudtreinar.

Kl. 09.30	Basissamling med Even Hole, økt 1
Kl. 12.00-13.00	Lunsj Sogndal vgs.
Kl. 13.00-15.00	Basissamling med Even Hole, økt 2

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering, og gjer vidare vedtak om å legge inn ein tverridrettsleg fagbolk (ernæring) i høve til aktuelle utøvarar på Basissamlinga.

SAK 12 17-19

Markedsarbeidet i Sogn og Fjordane Skikrins

Bakgrunn

Status i Sogn og Fjordane Skikrins sitt markedsarbeid.

Verksemd	Grein	Går ut	Status
Fylkeskommunen	AU/Ski i Skulen		Prosessens kring reforhandling av avtalen er i gang.
Skiing Norway, Hotel Alexandra	AU	2017	Fakt. sept. 2017. Prosjektet vert fasa ut av NSF.
Skiing Norway, Skogstad Sport AS	AU	2018	Fakt. sept. 2017. Prosjektet vert fasa ut av NSF.
AVIS Bilutleige	AU	2018	Avtalen er reforhandla og signert i des. 2015.
ByggTeam AS	Langrenn	2018	Avtalen er reforhandla t.o.m. våren 2018. Økonomisk nivå er same som tidlegare. Avtalen skal reforhandlast vinteren 2018.
Sparebanken S. og Fj	Langrenn	2017	Eksisterande avtale går ut 31.12.2017. Ny avtale er reforhandla for 3 nye år (t.o.m. 2020).
G-Sport/ Erdal Sport AS	Langrenn	2017	Avtalen skal reforhandlast hausten 2017.
SFE	Hopp/ langrenn	2019	Avtale reforhandla i 2017.
COOP Vest SA	Alpint	2018	Avtale reforhandla i 2017.
Fjord1	Alpint	2018	Avtalen er reforhandla for 3 nye år og signert i september 2015. Avtalen må reforhandlast vinteren 2018.
Sparebanken Vest	Alpint	2018	Avtalen går ut 2018, og må reforhandlast sommaren 2018.
Frydenbø Bilsenter AS	Alpint	2017	Avtalen må reforhandlast.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering og gjer vidare vedtak om å setje i verk reforhandling av følgjande samarbeidsavtalar:

- 1) Sogn og Fjordane fylkeskommune, ansv.: Adm.
- 2) ByggTeam, ansv.: Adm.
- 3) G-Sport/ Erdal Sport AS, ansv.: Adm.
- 4) Frydenbø Bilsenter AS, ansv.: Atle H.

- 5) Fjord1, ansv.: Atle H. Tonje N. og adm.
- 6) Sparebanken Vest, ansv.: Atle H. og adm.

SAK 13 17-19

Ski i Skulen 2018

Bakgrunn

Rapport for prosjektet Ski i Skulen 2017 er vedlagt.
Prosjektet vart presentert i møtet.

For øvrig er vidareføringa av prosjektet vinteren 2018 noko usikker, m.a. fordi finansieringa er avhengig av ein ny utviklingsavtale med Sogn og Fjordane fylkeskommune, samt gåvemidlar frå Sparebankstiftinga.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 14 17-19

Økonomiske rammer for telemark-/ randoneekomiteen

Bakgrunn

I samband med Skikrinstinget 2017 vart det formelt etablert ein telemark-/ randoneekomitè i Sogn og Fjordane Skikrins (ref. Handlingsplan 2017-2019).

I samband med komiteen sitt arbeid kjem arbeidsutvalet i skikrinsen med framlegg om at komiteen skal bli tildelt kr. 50 000,- i aktivitetsstøtte i oppstartsfasen.

Framlegget er begrunna med eit ynskje om å sikre utbreiing av desse skigreine i Sogn og Fjordane.

Det vert elles lagt til grunn at komiteen vert etablert med ei eiga avdeling i skikrinsen sin rekneskap og budsjett (til liks med dei andre komiteane). Komiteen vil såleis vere underlagt Skikrinsstyret sine rammer, og vil framover vere ansvarleg for egne inntekter og kostnader.

VEDTAK

Skikrinsstyret støttar arbeidsutvalet sitt framlegg, og tildelar telemark-/ randoneekomiteen kr. 50 000,- i oppstartsstøtte.

Skikrinsstyret gjer vidare vedtak om at det ev. ved nyetablering av andre komitèar skal vurderast tilsvarande oppstartsstøtte.

SAK 15 17-19

Møteplan Skikrinsstyret

Bakgrunn

Skikrinsstyret fastset møteplan for 2017.

VEDTAK

Skikrinsstyret fastset følgjande møteplan:

- Haustmøtet; laurdag 11. november 2017, Fosshaugane Campus
- Møte i Skikrinsstyret; måndag 11. desember 2017, Thon Jølster Hotell

ORIENTERINGSSAKER

SAK 16 17-19 **Beredskapsplan 2017-2019**

Bakgrunn

Beredskapsplan for 2017-2019 er vedlagt.
Planen vart presenert i møtet.

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

SAK 17 17-19 **NSF Haustmøtet 2017**

Bakgrunn

Norges Skiforbund sitt Haustmøte vert avvikla på Gardermoen 13.-15. oktober 2017.

Frå Sogn og Fjordane Skikrins deltek følgjande:

- 1) Styreleiar, Finn Årdal (kretsleiar møtet)
- 2) Nestleiar, Hallvard Nygård (arrangør- og anleggseminar)
- 3) Leiar LK, Oddmund Lefdal (langrennskomiteen sitt fagmøte)
- 4) Medlem styret, Tonje Norheim Tangerud (alpinkomiteen sitt fagmøte)
- 5) Leiar HKK, Henning Sæthre (hoppkomiteen sitt fagmøte)
- 6) Leiar T/RK, Sjur Håvard Øygard (fagmøte randonee)
- 7) Adm.sjef, Yngve Thorsen (div. møter)
- 8) Ingrid Narum, veiledarsamling

VEDTAK

Skikrinsstyret tek saka til orientering.

EVENTUELT

Med venleg helsing
Sogn og Fjordane Skikrins

Finn Årdal (s)
Styreleiar

Yngve Thorsen (s)
Adm. sjef